

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skrevet: 29.09.2006
Sakshandsamar: **Erik M. Hansen**
Vedrørende: **Nasjonal IKT –
Utredningsprosjekt for langsiktig organisering av IKT-området**

Styresak 089/06 B

Styremøte 11.10. 2006

Bakgrunn

Viser til sak 058/05 i styret for Helse Vest RHF i møte 27.05.2005 vedkommande Nasjonal IKT-strategi.

Viser til sak 047/06 der styret i Helse Vest RHF i møte 03.05.2006 vart orientert om arbeidet med langsiktig organisering av IKT-området. I sak 047/06 gjorde styret fylgjande vedtak;

1. "Rapporten om langsiktig organisering av IKT-området vert sendt på høyring til helseføretaka og hovudsamanslutningane med høyringsfrist 01.08.2006.
2. Tilbakemeldingane på høyringa vert gjennomgått av styringsgruppa for Nasjonal IKT og endeleg forslag til hovudprosjekt vert lagt fram til handsaming i september 2006."

Relevante dokument til saka vart sendt ut saman med sak 047/06. Som vedlegg til denne saka er resymé for leiinga lagt ved som vedlegg 1. Sluttrapporten frå prosjektet vil verte lagt fram under styremøtet for dei som ynskjer å gjennomgå denne.

Tilbakemeldingar frå høyringsrunden

Høyringsinstansane gjev i stor grad tilslutning til å gjennomføre eit hovudprosjekt med fokus på eit eller ein kombinasjon av scenario 1C (felles nasjonal infrastruktur på utvalgte områder), 3B (samordne applikasjonar på prioriterte områder på klinisk side) og 4B (felles administrative applikasjonar med tilhøyrande infrastruktur).

Det er i tillegg gjeve fylgjande tilbakemeldingar vedrørende dei ulike scenario;

- *Scenario 2B – felles nye applikasjonar med tilhøyrande infrastruktur.*
Det er gitt fleire tilbakemeldingar der det vert bede om ytterlegare avklaring rundt scenario 2B. Dei som ber om dette gir ikkje sin tilslutning til ein umiddelbar igangsetting av scenario 2B, men høyringsinstansane er positive til at det vert gjennomført ein grundigare utredning av dette før eventuell igangsetting. Forprosjektet har lagt til grunn at ein iverksetting av scenario 2B krev ytterlegare detaljering, dermed er denne innvendinga ivareteken.
- *Scenario 1A – regional samordning med nasjonal informasjonsutveksling.*
Helse Bergen og Sykehuset i Vestfold foreslår at det vert gjort ei grundigare vurdering av scenario 1A. Nasjonal IKT legger til grunn at scenario 1A inngår som eit fyrste steg i alle scenario 1C, 3B og 4B, dermed vil scenario 1A kunne framstå som ein milepel og eit vedtakspunkt i hovudprosjektet og vil bli grunnlag for ein grundigare vurdering.

- *Sammensetting av ei prosjektgruppe for hovudprosjektet.*

Det vert framheva frå fleire høyringsinstansar at det må leggest til rette for at hovudprosjektet har tilstrekkelig klinisk kompetanse i prosjektgruppa.

Vedlegg 2 til saka gjev eit samla oversyn over tilbakemeldingane frå høyringa som vart gjennomført i dei 5 RHF (og til dei tilhøyrande HF), mellom fagforeiningane og Kommunens Sentralforbund.

Nasjonal IKT tilrår at punkta over vert tekne til fylgje ved planlegging av hovudprosjektet. Nasjonal IKT tilrår at hovudprosjektet innleiingsvis gjennomgår alle tilbakemeldingar frå høyringsinstansane for å vurdere om fleire av tilbakemeldingane skal takast omsyn til ved planlegging av prosjektet.

Det vert lagt til grunn at gjennomføring av eit hovudprosjekt krev ekstern bistand både til prosjektleiing og for kompetanse innan strategi, IKT, økonomi, endring, etc.

Anbefaling

I lys av at høyringsinstansane i stor grad gir tilslutning til å gjennomføre eit hovudprosjekt, vert det tilrådd at vidare planleggingsarbeid med eit hovudprosjekt vert gjennomført. Ved planlegging av hovudprosjektet vert det teke omsyn til tilbakemeldingar frå høyringsprosessen.

Det vert tilrådd at Nasjonal IKT får i oppgåve å utarbeid eit konkurransegrunnlag for ein anbodskonkurranse for bistand til hovudprosjektet. HINAS AS vert engasjert for å ta ansvar for dei innkjøpsfaglige delane av anbodskonkurransen, tilsvarande som for forprosjektet.

Anbodskonkurransen vert utlyst etter handsaming av denne saka i dei 5 RHF-styra. Det vert tilrådd at Styringsgruppa for nasjonal IKT får i oppgåve å godkjenne konkurransegrunnlaget for kjøp av ekstern bistand til hovudprosjektet.

Det vert tilrådd at hovudprosjektet vert gjennomført, tilsvarande som for forprosjektet, som eit eige prosjekt utanfor Strategi- og tiltaksplanen med eiga styringsgruppe. Forslag til prosjektdirektiv vert utarbeid i samarbeid med valgt ekstern bidragsytar. Prosjektdirektivet for hovudprosjektet vert godkjent av RHF AD-møtet.

Forslag til vedtak

1. Tilbakemeldingar frå høyringa som er tekne inn i denne saken vert tekne til fylgje ved planlegging av hovudprosjektet. Hovudprosjektet vert bedt om innleiingsvis å gjennomgå øvrige tilbakemeldingar frå høyringsinstansane for å vurdere om fleire skal takast omsyn til ved planlegging av prosjektet.
2. Hovudprosjektet vert gjennomført som eit eige prosjekt utanfor Strategi- og tiltaksplanen med ei eiga styringsgruppe.
3. Styringsgruppa for Nasjonal IKT får i oppgåve å godkjenne konkurransegrunnlaget for kjøp av ekstern bistand til hovudprosjektet.
4. Prosjektdirektivet for hovudprosjektet vert godkjent av RHF AD-møtet.